

## **Det hastar! Gratis opplæring i norsk og samfunnskunnskap**

### **Rett til gratis opplæring i norsk og samfunnskunnskap**

Opphaldsløyvet ditt i Noreg kan gi rett til totalt 600 timar gratis opplæring i

- norsk (550 timar), og
- samfunnskunnskap (50 timar)

Opplæringa er gratis i tre år

- frå du fekk opphaldsløyvet, eller
- frå du kom til Noreg med gyldig opphaldsløyve

NB! Dersom du ikkje har starta på eller fullført opplæringa innan desse tre åra, må du sjølv betale for opplæringa.

### **Plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap**

Du kan ha plikt til å gjennomføre 600 timar opplæring i norsk og samfunnskunnskap for å få innvilga ein søknad om

- permanent opphaldsløyve, og/eller
- statsborgarskap

Du kan søkje om fritak frå opplæringsplikta dersom

- du kan dokumentere tilstrekkelege kunnskapar i norsk eller samisk, eller
- særlege helsemessige eller andre tungtvegande årsaker tilseier det

### **Praktisk informasjon**

Du må sjølv kontakte vaksenopplæringa i kommunen der du er folkeregistrert, for å søkje om opplæring eller fritak. Kontakt vaksenopplæringa dersom du har spørsmål eller ønskjer å vite meir om fristane og rettane dine.

Du kan òg finne informasjon på [www.imdi.no](http://www.imdi.no) og [www.udi.no](http://www.udi.no)